

Uskedalsbøndene blant topp tre i landet

14.06.2012



Det reorganiserte og særskilt aktive Uskedalen bondelag kom blant dei 3 på pallen i kampen om den prestisjefylte prisen Årets lokallag og fekk heiderleg omtale.

Det heiter at dette er eit lite og nyvitalisert lag som har auka aktiviteten i det siste, mellom anna grunna innsatsen til den unge leiaren.

Laget gjekk på førehand til topps i Hordaland og 16 var med i dysten på landsbasis.

Eid frå Sogn og Fjordane vann. Også Øvre Eiker kom på pallen og fekk heiderleg omtale.

Juryen berømmer Uskedalen og Øvre Eiker ikkje berre for godt aktivitetsnivå, men også for fruktbart samarbeid med andre lag og foreiningar i dei 2 bygdene.

På biletet står laget opp under Aktivitetsdagen i fjor.
Dei var enda meir aktive nder den same dagen i år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Også årets stand samlet stor interesse (foto:Olav Hjetland Bringedal)